

Hordaland fylkeskommune

Kultur og idrettsavdelingen

Att: Stein Ottosen

Dykkar ref: 2014/13974-16

Rosendal, 13.11.2013



Røykstove, Øyre gnr 55 bnr 7, Kvinnherad kommune. Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2014.11.13

Viser til tilsegn om tilskot til ovannemnde tiltak, Kr 20 000,- dat 30.04.2014.

Det omsøkte arbeidet som er gjort fram til no, er merking og nedtakking av helletak, riving av roteskada tro og sutak og oppattbygging av tak t.o.m tekking med underlagspapp. (sjå biletet) Remontering av helletaket vil bli utført først etter vinteren både grunna vertilhøve og tidspress hos fagfolka.

Ved gjennoppbygging av taket valde ei å la dei gamle sperrene bli ligggjande og forsterka dei med nye på sida. Dette fann eg var ei betre løysing enn å fjerna dei gamle heilt og erstatta dei med nye. Dei gamle sperrene var truleg svært gamle då dei var øksa og ikkje skorne, det var og spor etter trenaglar. Då dei blir ligggjande som før, vil dei bli verande ein del av historieforteljinga.

Arbeidet som er utført i år:

Innleigd arbeid (sjå faktura) Kr 32 612,50

Eige arbeid 20t a Kr 300,- « 6 000,-

Tilsaman **Kr 38 612,50**

Gjenståande arbeid som blir utført til våren, er remontering av helletaket som er kalkulert til ca kr. 40 000,- (materialar, innleigd og eige arbeid)

Vonar at tilskotet kan betalast ut på grunnlag av arbeidet som er utført til no. Dersom dette ikkje er mogeleg søker eg om forlenging av tilsegnet til restarbeidet er ferdig.

Med helsing

Magne Øyre

Neslia 2

5470 Rosendal

Tlf. 950 24 239/917 81 004

Bankkto. 3460 10 56927